

## **Referat FAU-møte 1/2024**

Stad: Vågå ungdomsskule

Dato: 1. februar 2024

Til stades:

- Frå administrasjonen: Helen Øygarden og Margaret Sørum
- Foreldrekontaktar: Astrid H. Bjørndal, Hanne Kari Bakke, Sigurd Rønningen, Ragnhild Steen, Ragnhild Løkken Steen, Tora Sandbu og Eva Vistekleiven

1. Det er stort behov for å oppgradere uteområdet på skulen for å auke trivsel og aktivitet. Det er laga ei skisse med forslag til ulike tiltak, men ikkje økonomi til å realisere desse planane innanfor kommunen sitt budsjett. Eit alternativ er å søkje eksterne midlar til dette hjå t.d. Sparebankstiftelsen DNB. FAU på Vågåmo skule har søkt om eksterne midlar tidlegare. Vi ber om å få den for å sjå korleis dei rigga sin søknad. Vi har ein kommunal eigenandel på 300 000 kr (?), som kan brukast i søknad og som kan utløyse eit større tilskot.

Kven følgjer opp: Sigurd og Tora m.fl. / FAU

Neste søknadsfrist Sparebankstiftelsen DNB 1. april. <https://sparebankstiftelsen.no/sok-stotte/>

Gjensidigestiftelsen har søknadsfrist 1. mars og 1. september (men er neppe aktuelle, da skular og FAU ikkje er i målgruppa).

2. Informasjon til foreldre: Det blir uttrykt frustrasjon frå foreldre på 8. steg om at det er stor overgang frå barne- til ungdomsskulen når det gjeld moglegheita til å fylgje med. Skooler – appen: Kan vere ein ide med litt opplæring på foreldremøte i 8. klasse med opplæring/introduksjon til appen. Margaret lagar eit informasjonsskriv om bruk av appen. Generelt å få litt meir info – enklare å følgje med og få innblikk i kva ungane driv med på skulen. Dette kan også lyftast opp på trinnvise foreldremøte.
3. Uteskule og fysisk aktiv læring: Etterlyser meir av dette. Ungdomsskulen har ikkje like mykje lovpålagt krav om dette som barneskulen.

Ref: Tora Sandbu

